

Bleि heidra for å vere eit førebilete

Laura Seltveit mottok Ingeborgprisen.

■ VIDAR ELIASSEN

– Dersom vi klarer å bygge Sauda med så mykje positivitet som vi har sett her i kveld så går vi ei god framtid i møte, seier Laura Seltveit.

Torsdag kveld bleि årets Ingeborgpris delt ut i kantina på Sauda vidaregående skule. Ein feststemet sal hadde møtt opp for å hylle vinnaren, Laura Seltveit. Ho fekk prisen for sitt store og banebrytande engasjement for kvinner si stilling i samfunnet, inkludert innsatsen ho la ned gjennom sitt seks år lange virke som ordførar. Prisen er eit kunstverk av Karin Sunderø og blir delt ut av Sauda og omegn Zontaklubb. Foreininga er ein del av ein verdsomspennande organisasjon som mellom anna arbeider for kvinner sine rettar.

Kan vere tøft

Leiar for Sauda og omegn Zontaklubb, Ann-Helen Eik-Nes, har tidlegare uttala til Ryfylke at det sjeldan har vore større einigheit om kven som skal vinne enn det var i år.

Å ta imot ros er tøft, det er mykje lettare å gi.

– Med sitt store samfunnsengasjement har Laura Seltveit vore eit førebilete for kvinner i Sauda og omegn. Ho har blitt ei saudamor for alle, seier ho mellom anna i grungjevinga for prisen.

Eik-Nes trekte fram 61-åringen sine medmenneskelege eigenskapar og omtalte ho som eit rauft og klokt menneske med eit stort hjarte. Samstundes bleि det understreka at ho ikkje er redd for å uttrykke kva ho meiner.

– Laura kan vere modig og tøft, noko ho til dømes viste på landsmøtet til Arbeiderpartiet i fjor. Då talte ho statsminister Jens



AUDMJUK VINNER: Laura Seltveit (til venstre) var audmjuk då ho mottok Ingeborgprisen av leiar i Sauda og omegn Zontaklubb, Ann-Helen Eik-Nes.

Stoltenberg midt imot i samband med sakar som gjaldt EU sitt tredje postdirektiv, peikar Eik-Nes på.

For mykje

Då Ryfylke snakka med Seltveit etter utdelinga var ho usikker på om tildelinga var fortent.

– Det er så mange andre som fortener prisen i staden for meg, men eg er veldig glad og audmjuk over å ha fått den, seier ho.

Politikaren synest også at det forpliktar å få ein slik pris.

– Ein bli nesten litt redd forventingane. Å ta imot ros er tøft, det er mykje lettare å gi. Det er uansett ein stor heider og er vel eit teikn på at ein har gjort noko fornuftig, gir ho uttrykk for.

Prisen vil få ein heidersplass i stova.

– Den skal hengast høgt på

veggen og så skal eg sjå særleg mykje på den når eg er langt nede, smiler Laura Seltveit.

Blei hylla av mannen

Til stades under utdelinga var ein rekke aktørar frå ulike samfunnsarenaer i Sauda. Partifellar, politikarkollegaer, familie, vener og andre stod fram for å heidre prisvinnaren med rosande ord. Størst applaus hausta nok ektemannen Rikard Seltveit. Han hylla kona med eit livleg og morosamt stev.

– Poenget var å lage ein spesiell hyllest til Laura. Eg er van med folkemusikktradisjonar frå Telemark. Dessutan var eg på eit kurs med Åsmund Nordstoga i Suldal, fortel han.

Hovudpersonen sjølv bleि tatt fullstendig på senga av det kreative påfunnet til husbonden.

– Og han som sa at han ikkje skulle seie noko. Nei, dette var veldig overraskande, kommenterer prisvinnaren begeistra.

Verdig prisvinnar

Ordførar Frode Sulen sat i salen under arrangementet. Han synest at Seltveit er ein verdig prisvinnar.

– Prisen er veldig fortent. Ho er omtenksam og tenker på alle andre enn seg sjølv. Uttrykket Mor Sauda høver veldig godt for å skildre henne, meiner Sulen.

Sauda mannskor, Saudasjøen Skulemusikkklag, Eli-Jorun Tangeraas og Nils Kristen Herheim sørga for velklingande musikalske tonar under den omlag tre timer lange seansen på sjølvaste kvinnedagen.